



Birger Løtveit
Bruvikdalsvegen 732
5285 BRUVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1580 - 23/21314

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
29.09.2023

Framleis manglar ved søknaden - gbnr 21/5 fnr. 7

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 21/5 fnr. 7

Tiltakshavar: Birger Løtveit

Kommunen syner til søknad motteke 12.05.2023 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av søknad i brev datert 24.05.2023.

Søknaden har framleis manglar og vert ikkje handsama før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

Søklar må vere heimelshavar, det er Birger Løtveit som eig grunnen. Han må signere på begge søknadsskjema, både løyve til tiltak og rekvisisjon av oppmåling.

Festar kan og signere.

Kommunen minner og om at tiltaket krev dispensasjon frå kravet til reguleringsplan, og ber om at det vert sendt inn grunngjeven søknad frå kommuneplan føresegn 1.2 om kravet til reguleringsplan.

Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om løyve til tiltak signert av grunneigar.
2. Skjema for rekvisisjon om matrikulering signert av grunneigar.
3. Grunngjeven søknad om dispensasjon frå kravet til reguleringsplan i kommuneplanføresegn punkt 1.2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.10.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søklar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Birger Løtveit	Bruvikdalsvegen 732	5285	BRUVIK
Sissel Romslo Simonsen	Nipedalsstien 45	5164	LAKSEVÅG